



No er Gamleskolen i bruk til blant anna tysdagskafeen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bør Uskedalen konsentrera seg om å driva færre forsamlingshus? Formann Jeanette Guddal i Uskedalen Utvikling reiste spørsmålet under møtet i Gamleskolen tysdag, etter å ha opplyst at dette huset er i dårleg forfatning – mellom anna med lekkasje i taket. Det er UU som eig det, etter å ha fått det av kommunen.**

Ho opplyste at eit tidlegare overslag for restaurering enda på 250.000 kroner.

- Dei pengane har vi ikkje, sa Guddal.
- Men det er støtteordningar for eit hus om dette. Og det kjem til å bli brukt slik det ser ut no, repliserte KristianBringedal.

UU-formannen meinte det var betre å samarbeida om eitt hus enn å spreia ein begrensa dugnadskapasitet på fleire.

- Naturleg nok vil alle ha sine hus, men det går berre ikkje. Alle blir utslete, for det krevst vedlikehald i alle år,uttala ho.

Klara Bakke, som også sit i UU-styret, meinte derimot at det må satsast på vedlikehald og bruk av Gamleskolen. Kjell Yri meinte også at ein lyt ta vare på Gamleskolen. Huset har stor verdi og det er gjort ein stor dugnadsinnsats der. Yri trudde også på ein viss inntekt frå den kommunale ungdomsklubben. Jeannette Guddal var redd for at dene klubben vil forsvinne frå Uskedalen medan Gunn Mari Moberg meinte at den no er i ferd med å ta seg kraftig opp att.

Det vart sagt under møtet at hvis huset vert gjeve tilbake til kommunen, vil riving bli utvegen og då blir det berre ein parkeringsplass på staden.

Hovedhensikten med dette møtet var å komma fram til ein ny modell etter at Bygdeutviklingsprosjektet no går mot slutten. Nokon klar konklusjon på denne saka vart det ikkje, og spørsmålet vil koma opp att under årsmøtet midtvinters. Men fleire understreka at nokon av dei "gamle" gruppene bør halda fram i tillegg til at det blir gjennomført prosjekt.

Det vart og streka under at styret i UU framleis bør ha fem medlemmer og ikkje berre tre som no. Valnemnda førebur ei utviding på årsmøtet.

Av Ola Matti Mathisen



Jeanette Guddal: - Uskedalen maktar ikkje å halda så mange forsamlingshus. (Foto: Ola Matti Mathisen)